



Hordaland Fylkeskommune
Lise Fauskanger Ådlandsvik

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/419 - 17/3502

Saksbehandlar:
Einar Færø
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:
17.03.2017

Saksnr 2014/13889

Tilskotsmidlar til punktutbetring og trygge skuleveggar - søknadsfrist 1. april 2017

Radøy kommune ønskjer å søkja om, og få vurdert tiltak med bygging av omlag 100 m fortau med tilhøyrande 2 stk fotgjengarfelt. Tiltaket er vist i reguleringsplanen for Urhaug C og omtala i kommunen sin trafikksikringsplan på side 31.

Tiltaket er sterkt ønska av buarane i feltet som er bekymra for tryggleiken ved kryssing av den relativt høgt trafikkert fylkesvegen. Det er heller ingen andre fotgjengarfelt eller moglege kryssningspunkt i området som kan nyttast. Gang og sykkelvegen er ferdselev for både barne og ungdomsskuleelevar.

Langhøyane bustadfelt som er under utbygging vil kunne auke talet med 100 nye bustader dei komande åra. Dette vil i løpet av nokre få år gje ein vesentleg auke av både biltrafikk og gåande i området.

Reguleringsplanen for Langhøyane har rekkefølgekrav som seier at det skal byggjast fortau inn langs tllkomstvegen til Urhaugfeltet før det vert gjeve løyve til oppføring av ne bustader. Om vår søknad vert innvilga betyr dette at det vert lagt til rette for fortau med krysningar heilt fram til eksisterende gang og sykkelveg. Samla sett vil dette betra tryggleiken i området vesentleg.

Grovkalkyle:Erfaringstal som er oppgitt i vår trafikksikringsplan , men me legg til 10 % for prisstigning

Fortau om lag 100 m a kr 4400,-/m:	kr 440 000,-
<u>Oppmerking av 2 stk gangfelt med skilting 2 stk:</u>	<u>« 33000,-</u>
Sum:	Kr:473 000,-
<u>Uforutsett – pristigning – adm: 7%</u>	<u>« 33 110,-</u>
Sum eks mva	KR 506 110,-

Om det vert krav om opphøge gangfelt må kostnadane aukast med kr 100,000,-

Vedlegg:

Utsnitt frå Trafikksikringsplanen

Reguleringsplan for Urhaug C

Situasjonsplan som viser tiltaket.

Med helsing

Einar Færø
leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
20170317092704

Mottakarar:
Hordaland Fylkeskommune